

Referat frå møte i Styringsgruppa 19.3.2013

Møtestad: Kommunehuset i Seljord

Frammøtte: Anne Cecilie Kirkevold, Magne Skarprud, Jørn Ingar Sanda, Olav Bjørn Bakken, Helge Kiland.

Sundsbarm Kraftverk ved Magne Wraa og Øystein Kildal var til stades under fyrste del av møtet.

1. Utveksling av erfaringar frå grendemøte og innkomne innspel

Sundsbarm Kraftverk ønskte å få høve til å kommentere noko av det som var kome fram under møta. Dei var derfor invitert til møtet. Kraftverket sine synspunkt er referert nedanfor.

I følgje kraftverket er alle pålegg om tersklar, fiskeundersøkingar med vidare utført slik kommunane og grunneigarane vil ha det. Tiltaka er kontrollert og godkjent av NVE. Målepunkt og minstevassføringar er bestemt i vassdragsskjønnet og er ikkje noko kraftverket er ansvarleg for. I Morgedalsvassdraget visa dei til plan laga i 2002, med tilråding om å redusere tilførsel av næringsstoff, etablere slamlagunar og omarbeide tersklar. Tersklane blei bygd om slik at alle er fiskeførande. Men landbruket og kommunen har ikkje følgd opp med sin del av tiltaka. Nokre av dei klagane som har kome fram blei karakterisert som private interesser.

Kraftverket har gitt tilskot til tynningsfiske i Seljordsvatn. Dei har også bidrege med tilskot til løypelaget i Kivledalen. I Oftevatn har kraftverket gitt tilskot til fiskeundersøkingar utført av elevar ved skulen i Høydalsmo. Kraftverket er elles opne for krav om fiskeundersøkingar og visa til fiskerapport for Sundsbarm (2004) og til undersøkingar gjort av Høgskulen i Telemark i Vallaråi (2008 – 2010). Wraa meinte det i praksis er NVE og Fylkesmannen som styrer miljøpolitikken til Skagerak Energi.

Dei meinte dei ikkje har noko ansvar for uønskte fiskeartar eller for merking av skjer og grunnar i Sundsbarm. I Sundsbarm har kraftverket utført innmåling av skjer og grunnar med GPS. Dei har ikkje registrert noko stor interesse for å legge til rette for ålmenn bruk av Sundsbarm.

Alle vegar er privatisert. Sundsbarm kraftverk betalar for bruk av Millionvegen og vegen i Kivledalen. Kraftverket har også rett til å bruke Sandsetvegen for tilsyn med dammen i Sandsetvatn. Det finst ikkje noko veglag for Sandsetvegen, og det er pr i dag uklart kven som har nyklar og kven som har vegrett.

Sundsbarm kraftverk får aldri klage på erosjon i Sundsbarm, bortsett frå eit område ved Slettetraul der kraftverket har utført plastringstiltak utanfor ei hytte.

I Vallaråi er det sett i verk tiltak slik dei er beskrivne i tiltaksplanen frå HiT. Det er lagt ned ein del skarpkanta stein på 1 – 1,5 m³, som nokon har reagert mot. Men det er vanskeleg å finne annan stein som vil feste seg og bli liggande stabilt i elva.

I Seljordsvatn er vasstanden fyrst og fremst styrt av utforminga på utløpet. Klappeluka er bare i funksjon for å sikre nok vatn til Bø kraftverk når vasstanden i Seljordsvatn er låg. Da er heller ikkje problemet så stort for campingplassane. Det er ålmenne interesser knytt til mellom anna sandstranda ved Telnes camping, som også er regulert til offentleg friluftsområde. I Seljordsvatn er vasstanden målt sidan 1884. I følgje Skagerak Energi viser målingane at vasstanden sommarstid er lågare enn før 1970, og at flaumane er mindre. Men også at sommarvasstanden dei siste åra (2000 – 2011) har vore noko høgare enn på 1980 og 1990 talet. Dette er stadfest av NVE.

2. Gjennomgang av utkast til revisjonskrav

Eit utkast til kravbrev til NVE om opning av revisjonssak blei lagt fram av Faun Naturforvaltning. Det kom framlegg om at dokument i revisjonssaka blir lagt ut på heimesida til Faun, og at det blir gjort merksam på at ein kan gå inn der for meir innsyn i saka.

Det blei reist spørsmål om revisjonen også bør gjelde regulering av Seljordsvatn (Ministerpresidentens vedtak 19.5.1944). Bø kommune har i Midtre Telemark vassområdeutval reagert negativt på spørsmålet. Det blei vedteke å gjera nokre fleire undersøkingar før ein tek noko stilling til dette.

Når det gjeld økonomiske krav bør det presiserast at i den grad krav ikkje blir imøtekome i vilkårsrevisjonen må manglande miljøforbetring kompensert gjennom oppretting av miljøfond.

Det var også litt tvil om alle vegane må reknast som ordinære tiltaksvegar og om nokre av dei ikkje også må reknast som anleggsvegar som skal vera opne for ålmenta. Her må ein undersøke kva som blei sagt i høgsterettsdommen frå Sundsbarm.

Som alternativ til merking av skjer og grunnar, som ein har ei viss forståing for kan vera vanskeleg i vatn utan bestemte ferdselsårer, bør det krevjast at Sundsbarm lagar eit djubdekart.

Det var forståing for at båthus er private krav, men at kravet om betre utsettingsstader for båt er relevant.

Til kravet om rydding av røter og drivved må det visast til NVE rettleiar om miljøtilsyn (2005). Det var semje om at ein ikkje bør setje i gang med å rydde i ålaupet for Dalåi utan å ha ein godkjent plan. Planen må dekke fleire biotopforbetrande tiltak og også vurdere behovet for flaumsikring.

Eit miljøfond er einaste relevante kompensert tiltak overfor den ulempa reguleringa har ført med seg ved å spreie nye uønskte fiskeartar i vassdraget. Det bør kanskje bli sagt noko om storleiken på fondet. Fondet bør relaterast til andre revisjonssaker.

Det er viktig at tiltak blir evaluert i etterkant, som tiltak i Vallaråi.

Styringsgruppa meiner det bør lagast ein ny plan for Morgedalsåi. Landbrukssjefen i Kviteseid blir beden om å kome med ei vurdering av landbrukets bidrag til næringsstilførsla til vassdraget. Avføring frå og jorderosjon på grunn av dyr som gjeng ute heile vinteren kan representere eit nytt forureiningsproblem.

Tokke kommune vil legge til rette for ny næringsutvikling knytt til arealet nær Shellstasjonen ved Oftevatn, men må på grunn av problem med høg vasstand fylle på mykje masse. Det blei derfor reist spørsmål om terskelen i utløpet av vatnet. Det er ønskje om at minstevassføringskravet i Ofteåi må gjelde frå dammen i Ljosdalsvatnet og ikkje heilt nede ved E 134. Faun vil undersøke kor stort bidraget frå restvassføringa er og kor mykje vatn kraftverket må sleppe for å halde dagens minstevassføringskrav.

Fyresdal, 20.3.2013



Helge Kiland